

MÅNADSRAPPORT 2019-06

Nye Førde sjukehus

NYE FØRDE SJUKEHUS

- bygger for trygge og moderne
spesialisthelsetjenester



Rapporten sitt formål og bruk

Denne rapporten skal nyttast mot alle partar som har behov for innsyn og status i arbeidet med Nye Førde sjukehus

Rapporten vil bli nytta til kvartalsrapportering mot styret i Helse Førde, månadleg rapportering i styringsgruppa, dialogmøter med Helse Vest og informasjon til heile organisasjonen i Helse Førde ved at rapporten blir lagt ut på vårt intranett.

Rapporten vil bli oppdatert ein gong per månad, og det blir ført løpande revisjonslogg på dokumentet.

Revisjons logg			
Dato	Endring	Utført av	Godkjent
2019-04-05	Utkast til rapport for gjennomgang i styringsgruppe	KIS	
2019-04-12	Sluttjustert for styremøte 29. april	KIS	
2019-05-10	Oppdatert for månadsrapport for april	KIS	
2019-06-12	Oppdatert for månadsrapport for mai	KIS	
2019-07-19	Oppdatert månadsrapport for juni	KIS	

Innhald

1	Kort status om arbeidet	4
2	Avvik og korrigerande tiltak i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet.....	5
3	Oppdaterte sluttprognose for delprosjekt og totalprosjektet.....	5
4	Spesielle problem og tiltak.....	6
5	Brukarmedverknad, status og samarbeid.....	6
6	HMS.....	7
6.1	SHA – Sikkerhet Helse og arbeidsmiljø	7
6.2	Miljøoppfølgingsplan og grønt sjukehus.....	7
6.3	HMS avvik.....	7
7	Informasjonsarbeid	8
8	Hovudaktivitetar neste periode	8

1 Kort status om arbeidet

Kort status blir i rapporten meldt på følgjande punkt:

- Delprosjekt Nybygg Psykisk helsevern
- Prosess med rekruttering og styrking av stab i Nye Førde sjukehus
- Revisjon av framdriftsplanar

Delprosjekt Nybygg Psykisk helsevern

Arbeidet er i gang med å støype fundament og veggskiver rundt botnen i heissjakta og brannskilje. Det er identifisert nokre mindre endringar i grunnarbeidet, men omfanget av desse er ikkje endeleg avklart. Universitetsbrakka er tømt og klargjort for å bli demontert og flytta. Flytting vil starte etter sommarferien. Arbeid på byggeplassen er innstilt i fellesferien.

Prosess med å rekruttere og styrke stab i Nye Førde sjukehus

Helse Førde sin prosjektorganisasjon knytt til Nye Førde sjukehus skal styrkast, og det er lyst ut to stillingar:

- Prosjektleder
- Byggeleder

Det er kom inn 12 søknadar og prosessen er no avslutta, og to personar er tilsett:

1. Arvid Finstad, kjem frå prosjektleder stilling i Bane Nord der han har leia eit delprosjekt på 2 milliardar på Follobanen. Arvid vil starte opp hos oss 1/11 og det passar godt å setje han inn som prosjektleder på delprosjekt Nybygg somatikk.
2. Ervin Beheim, kjem frå stillinga som teknisk sjef i Leikanger. Ervin blir tilbydd ein kombinert funksjon der vi kan nytte han både som byggeleder og prosjektleder alt etter kva fase delprosjekta våre er i. Han vil starte som byggeleder for Nybygg Psykisk helsevern den 1/10.

Revisjon av framdriftsplanar

I tida etter vedteke forprosjekt har det kome inn tilhøve som påverkar framdriftsplanen for gjennomføring av dei ulike delprosjekta:

- Ferdigstilling av Nybygg PHV
- Anskaffing av entreprenør for Nybygg somatikk
- Erfaring frå Nybygg PHV tilseier at det er behov for å auke lengda på samhandlingsfase for Nybygg somatikk

Med bakgrunn i desse tilhøva er det laga eit utkast til revidert rammeplan for framdrift i Nye Førde sjukehus. Den reviderte rammeplanen vil vere eit drøftingsgrunnlag for dialog med entreprenør utover hausten, og vil bli revidert i samråd med entreprenør.

Planen viser at vi har behov for å starte mange parallelle aktivitetar utover i 2020, og det er viktig at vi nyttar hausten 2019 til å rigge ei organisering av dei ulike prosjektgruppene og arbeidsgruppene som må på plass for å gjennomføre planen.

Prosessar for tenesteutvikling må tilpassast rammeplanen, slik at nødvendige føresetnader er på plass når delprosjekta skal gjennomføre funksjonskontroll av dei ulike delprosjekta sine utbyggingsområde.

2 Avvik og korrigerende tiltak i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet

Avvik og korrigerende tiltak vil i rapporteringa bli vist i tabellform som viser alle opne saker:

Type avvik	Prosjekt	Avvik	Tiltak	Merknad ved rapportering
Framdrift	Delprosjekt 3 - Nybygg somatikk	Anbudsutlysing flytta 1,5 måned	Revisjon av framdriftsplan i samhandling	

Ingen nye avvik i juni måned.


3 Oppdaterte sluttprognose for delprosjekt og totalprosjektet

Budsjett og låneramme blir årleg justert i samsvar med deflator i statsbudsjettet. Justeringa er i oppstillinga vist frå konseptfasen i 2015, og prosjektet si investeringsramme er kr 1 686 millionar.

Rammejustering (i millionar kroner)	2015	2016	2017	2018	2019
Ramme førre periode	1 520,0	1 520,0	1 559,5	1 598,5	1 641,1
Prisjustering (av ubrukne midlar)	-	39,5	39,0	42,6	45,3
Ramme for gjeldane år	1 520,0	1 559,5	1 598,5	1 641,1	1 686,5
Deflator i %		2,6	2,5	2,7	2,9

	2015	2016	2017	2018	2019
Investeringsramme	1 520,0	1 559,5	1 598,5	1 641,1	1 686,5
Låneramme			1 125,0	1 154,9	1 183,5
Eigenfinansiering			473,5	486,2	503,0
Eigenfinansieringsprosent			29,6 %	29,6 %	29,8 %
Deflator		2,6	2,5	2,7	2,9

Delprosjekta er under oppstart og prognose for alle delprosjekta er i samsvar med budsjett. Budsjett for dei ulike delprosjekta er rapportert som 2019 kroner i figuren nedanfor.



Tabellen har to søyler per delprosjekt. Søyde 1 til venstre syner budsjett inkludert 10 % reserve i prosjektet. Søyde 2 syner prognose for prosjektet, inkludert tilviste kostnader, og behov for ubrukt reserve i prosjekta.

Det er for Nye Førde sjukehus viktig å følgje med på utviklinga i den totale reservepotten. Utvikling av reserver i dei ulike delprosjekta vil bli rapportert som differanse mellom identifiserte kostnader og totalbudsjett. Det er ingen utvikling å rapportere i denne statusrapporten.

4 Spesielle problem og tiltak


På kort sikt har vi følgjande spesielle problem:

Prosjekt/delprosjekt	Risikoelement	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Tiltak	Merknad
Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Kost: Økonomisk risiko knytt til grunnarbeid	3	3	9	Kartlegging er gjennomført	Avvik i førsetnader og eventuelt avfall/fylling i grunnen
Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Kost: Risiko for kostnadsoverskriding med rådgjevarkontrakt.	4	3	12	Kostnadstyrt projektering.	Honorar for rådgjevarting etter megått. Ikkje semje om fastprisavtale innanfor omforeint rammer
Delprosjekt 3 - Nybygg somatikk	Tid: Risiko for at OU prosessar krev meir tid enn framdriftsplan i byggeprosjektet tilseier.	3	3	9	Kommunikasjon: Vi tydelegjer framdriftsplan og dei ulike fasane i byggeprosjektet. Har tett dialog med OU. Får oppretta eigar pr. kvart delprosjekt før sommar 2019.	Nybygg somatikk har relevans for seinare delprosjekt, og treng difor OUeigar for alle delprosjekt.

Det er planlagt at prosjektet skal gjennomføre nye overordna risikovurderingar utover hausten 2019.

5 Brukarmedverknad, status og samarbeid

Ansvaret for å kvalitetssikre løysingane i forprosjektet og å komme med eventuelle innspel til endringar ligg til eigarane i driftslinja, representert med teneste- og organisasjonsutviklingsprosjekta under programmet Pasientens helseteneste.



Det er spesielt aktiviteten med kvalitetssikring av areal til kontor, møterom, forskning og undervisning som er identifisert som ekstra kritisk i høve til kvalitetssikring av forprosjekt på det noverande tidspunkt.

Det er i perioden gjennomført omfattande brukarprosessar opp mot driftsorganisasjon som skal inn i eller har grenseflater opp mot Nybygg somatikk, og det har vore arbeidd godt både i prosjektgruppa og i arbeidsgruppene.

6 HMS

6.1 SHA – Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø

Byggeprosjekt er ein arbeidsplass som er underlagt byggherreforskrifta. Denne forskrifta skal sikre sikkerheit, helse og arbeidsmiljø for arbeidsplassar av skiftande karakter.

Det er for prosjektet utarbeidd ein overordna SHA plan for Nye Førde sjukehus, og føringar frå den overordna planen skal implementerast i entreprenøren sine planar for gjennomføring av dei ulike delprosjekta. Vedlikehald av den overordna SHA planen er Helse Førde som byggherre sitt ansvar.

Koordinator for prosjektering (KP) er Fredleiv Fosse. Han representerer entreprenøren sin organisasjon og er leiar for prosjekteringsgruppa for den pågåande samhandlingsprosessen i delprosjekt Nybygg Psykisk helsevern.

Status og arbeid denne perioden:

Delprosjekt Nybygg Psykisk helsevern er under bygging og i samsvar med byggherreforskrifta er følgjande koordinatorar er definert:

- Koordinator for utføring (KU): Det er no signert avtale med ÅF Advansia/Nordplan slik at Frode Hjelmeland er KU fram til vi får på plass byggeleiar for delprosjektet.

6.2 Miljøoppfølgingsplan og grønt sjukehus

Prosjektet følgjer standarden for Grønt sjukehus, og har utarbeidd eigen miljøoppfølgingsplan i tråd med denne. Planen blir brukt i anskaffingar og er mellom anna ein del av kontraktarbeidet med totalentreprenør. Planen omhandlar tiltak og dokumentasjon, og synleggjer ansvar mellom dei ulike aktørane i prosjektet innan miljøområdet. Dette med omsyn til mellom anna avfall, transport, arealbruk og forureining.

6.3 HMS avvik

HMS avvik blir i prosjektet meldt og følgt opp i ulike system:

1. Helse Førde sin avvikshandtering i Synergi. Melding frå Helse Førde tilsette og handtering av avvik som grensar inn mot drifta av sjukehuset.
2. Entreprenør sitt avvikssystem for gjennomføring av dei ulike delprosjekta.

Ny Førde Sjukehus vil i månadsrapporten rapportere om HMS avvik frå dei definerte systema.

Status og arbeid denne perioden:

Fysisk arbeid er starta opp for Nybygg Psykisk helsevern. I månadsrapporten til entreprenør er det meldt inn tre saker i RUH (Rapport om Uønska Hendingar), og eit avvik i samband med ei vernerunde.

Det er ikkje identifisert alvorlege hendingar.

7 Informasjonsarbeid

Det er gjennomført ei samling der vi jobba med grunnlag for utforming av ein bodskapsplattform for kommunikasjon i prosjektet. Eit produkt frå samlinga er formulering av ei setning som summerer opp ein viktig visjon i prosjektet Nye Førde sjukehus.

Det blir på kort sikt framover prioritert fokus på følgjande saker:

Prosjekt/delprosjekt	Kommunikasjonsaktivitet	Mottak	Dato	Progn	Merknad ved rapportering
Nye Førde sjukehus	Sikkerheitshandbok byggearbeid	Alle	2019-08-15	● 2	Arbeidet vart midlertidig stoppa før ferien pga. mangel på kapasitet
Nye Førde sjukehus	Kommunikasjonsstrategi for NFS	Alle	2019-07-15	● 1	Utkast til "one liner" for prosjektet er klar
Nye Førde sjukehus	Bruk av info. Tv	Alle	2019-08-15	● 1	Svar til HelseVest IKT om TV som kanal for distribusjon av info. Felles løysing for heile Helse Vest.
Nye Førde sjukehus	Sette i verk nye namn på alle bygg i FSS	Alle	2020-01-01	● 1	Implementering av nye namn i prosjektet med parallell notasjon i ein periode ut 2019
Nye Førde sjukehus	Facebook som kanal for informasjon intent	Tilsette i HFD	2019-09-15	● 1	Utarbeiding av notat til føretaksleiinga
Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Informasjonspakke om byggeaktivitet rundt eksisterande bygg for PHV	Tilsette i HFD	2019-09-15	● 1	

8 Hovudaktivitetar neste periode

Det er i kontrakt for delprosjekt Nybygg Psykisk helsevern etablert framdriftsmilepålar, som er teken inn i oversikta. For delprosjekt Nybygg somatikk er milepålar og aktivitetar knytt opp til prosess med anskaffing og kvalitetssikring av forprosjekt teke inn i oversikta.

Milepålar som prosjektet måler mot:

Prosjekt/delprosjekt	Aktivitet	Mileple	Prognose	Merknad
Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Tett bygg, heile bygningsmasse	2020-04-15	● 1	Milepelar i kontrakt
Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Fysisk ferdigstilling av kontraktgjennstand	2020-11-16	● 1	Milepelar i kontrakt
Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Overtakelsesforretning	2021-02-05	● 1	Milepelar i kontrakt
Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Tette bygg seng/døgnavdeling	2020-15-02	● 1	Milepelar i kontrakt
Delprosjekt 2 - Infrastruktur og flaum	Ferdigstilling av falumvern	2021-01-01	● 1	
Delprosjekt 3 - Nybygg somatikk	Utlysing forespørsel nybygg somatikk	2019-06-11	● 1	Ny dato etter dialogkonferansen
Delprosjekt 3 - Nybygg somatikk	Avklare driftsmessig behov for endring i høve til forprosjekt	2019-09-15	● 1	Ny dato etter dialogkonferansen
Delprosjekt 3 - Nybygg somatikk	Tilbudsfrist tilbod nybygg somatikk	2019-09-16	● 1	Ny dato etter dialogkonferansen
Delprosjekt 3 - Nybygg somatikk	Oppstart dialog med entreprenør	2019-11-01	● 1	Ny dato etter dialogkonferansen

Hovudframdriftsplan for Nye Førde sjukehus er vist nedanfor. Det er registrert mindre avvik, men dette vil ikkje bli innarbeidd eller revidert før entreprenør samhandlingsprosess med entreprenør startar opp hausten 2019:

